Ikkje nokon nye influensavirussubtyper er oppdaga hos mennesker. Ein influensavirussubtype som kan gje opphav til infeksjon hos menneske kan vere tilstades hjå dyr. I så fall vurderer ein risikoen for smitte til mennesker som låg. Ikkje nokon nye influensavirussubtyper er oppdaga hjå mennesker. Likevel sirkulerer det dyreinfluenzavirus som utgjer ein reell risiko for sjukdom hos mennesker.

9.9 Behov for særleg merksemd

Sjukdom hos menneske med ny subtype, men ingen spreiling mellom mennesker, eller sjeldne tilfelle av smitte grunna nærbidrag. Små klynger med avgrensad spreiling mellom mennesker, men geografisk avgrensad, noko som tydar at viruset ikkje er godt tilpassa mennesker. Større klynger av personar med infeksjon, men framleis geografisk avgrensad, noko som tydar at viruset er i ferd med å tilpassa seg mennesker, men framleis ikkje smittar lett mellom mennesker (betydeleg pandemirisiko). Aukande og vedvarande smitte generelt i befolkninga

9.10 Omfang — ulike scenarier for Høyanger Kommune

Med 4300 innbyggjarar i kommunen baserer vi følgjande ROS analyse på eit befolkningsgrunnlag tilsvarande befolkningstalet. Det som vert ei særleg utfordring for helse og omsorgstenestene er at av dei mange gamle og kronisk sjuke pasientane vi har, vil mange bli mykje sjukare og meire hjelpe- og behandlingstrengjande, samstundes med at ein ikkje uvesentleg del av personellet også er sjuke. Det må oppretta plassar for meirinntak av pandemisjuke både frå heimesituasjonen og frå sjukehuset

9.11 Moderat pandemi — Høyanger kommune

- 30 % av heile befolkninga vert smitta i løpet av eit halvt år ca 1.290 personar
- 15 % av befolkninga vert sjuke og sengeliggjande ca 645 personar
- Overdødeligheit kalkulert til 0,1-0,4 % av dei sjuke ca 1-5 personar
- På det verste vil 4 — 5 % vere sjuke og sengeliggjande samtidig ca 170-215 personar

9.12 Katastrofal pandemi — Høyanger kommune

- 50 % av heile befolkningen vert smitta i løpet av eit halvt år ca 2.150 personar
- 25 % av befolkninga vert sjuke og sengeliggjande ca 1.075 personar
- Overdødeligheit vert anslått til 0,4 — 1,1 % av de sjuke ca 8-24 personar
- På det verste vil ca 8 % vere sjuke og sengeliggjande samtidig ca 344 personar

9.13 Vaksiner, medisinar og utstyr

Vaksiner

Det vil ta 4-6 mnd etter utbrot av pandemi før det ligg føre effektiv influensavaksine mot denne.

Kommunehelsetenesta er budd på massevaksinasjonsopplegg som vil kunne omfatte store deler av befolkninga. Helseavdelinga har utarbeidd eige tiltakskort for massevaksinering ved pandemi. Vaksinering vil finne stad på Samfunnshuset i Høyanger sentrum, på Sørsida bygdetun og ved Lavik helsesenter. Innbyggjarar som bur i dei andre bygdene/grendene må reise til ein av desse.

Medisinar

Det er utvikla spesifikke antivirale medisiner: oseltamivir (75 mg x 2 i 5 dager) eller zanamivir (2 inhalasjoner 2 gonger daglig i 5 dager). Viruset er følsomt mot begge desse medikamenta, og det kan vere aktuelt å bruke medisinane både i behandlande og førebyggande hensikt. Det vil i betydeleg grad vere behov for antibiotika og utstyr til intravenøs infusjon både utan og med antibiotika og surstoff og anna respirasjonsbehandling.

9.14 Prioriteringar

Både for vaksiner og medisinar vil forsyningane kunne vere for små i høve til behova. Det er utarbeidd nasjonale retningslinjer for prioritering og bruk av desse legemidlane.

Ein må kalkulere med at det kan bli svært stor pågang etter avgrensa ressursar. Dersom dette vert eit problem og vi ikkje kan nytte den ordinære distribusjonsveg av medisinar gjennom apotek må det planleggast utlevering frå særleg sikra lager av vaksiner/medikament

9.15 Utstyr

Det vil i betydeleg større grad vere behov for smittevernutstyr. Dette gjeld m.a

- Desinfeksjonsmidlar som er effektive mot viruset, eks 70% desinfeksjonssprit, andre
- desinfeksjonsmidlar
- Handdesinfeksjonsutstyr
- Kirurgiske munnbind + event augebeskyttelse (munnbind er ikkje anbefalt til befolkninga generelt)
- Beskyttelseshanskar
- Eingongs smittefrakkar
- Smittesekkar og emballasje for risikoavfall

9.16 Organisering og framgangsmåte

Følgjande er meint som ei skisse på korleis vi tenkjer oss å organisere opplegget:

Vi byggjer på etablerte ordningar og supplerer og legg desse om, når det er naudsynt. I startfasen, før vi veit sikkert kva problem vi står ovafor, vil vi måtte ta førehaldsreglar og omstille verksemda innafor dei ordningane vi har. Men vi må heile tida vurdere om vi skal iverksetje eitt eller fleire tilleggstiltak som er omtala her. Avhengig av utviklinga kan ein skildre pandemiopplegget i Høyanger kommune i fleire trinn.

9.17 Interpandemisk periode (fase 1 og 2)

- Smittevernlegen går kvart år igjennom Smittevernplan inkl Plan for pandemisk influensa. Kvart 4. år skal revidert utgåve av heile planen leggast fram for kommunestyret.
- Smittevernlegen held seg orientert om utviklinga nasjonalt og internasjonalt gjennom rapportar frå Nasjonalt Folkehelseinstitutt, og formidlar dette vidare til aktuelle faggrupper og målgrupper i Høyanger
- Smittevernlegen tek initiativ til drøftingsmøter og orienteringsmøter når naudsynt og kallar inn smitteverngrupper etter behov.

- Smittevernlegen ser til at nøkkelpersonell i helseavdelinga får naudsynt etterutdanning i smittevernspørsmål

9.18 Pandemisk periode med behov for særleg merksemد (fase 3-5)

Følgjande punkt er alle aktuelle, men avheng heilt av utviklinga i situasjonen:

- Smittevernlegen opprettar og kallar saman ei smitteverngruppe (pandemi) av nøkkelpersonar frå helse og omsorgstenestene og andre tenester etter behov. Gruppa opprettar naudsynt kontakt med Helse Førde og set ned arbeidsgrupper og fordeler oppgåver ved behov
- Smittevernlegen syt for at Smittevernplan og Pandemiplan vert ajourført og pålegg aktuelle seksjonar og personell i Helse og Omsorgstenestene å gå igjennom sine områder og eventuelt føreta justeringar og utarbeiding av prosedyrer etc og detaljplanar for korleis dei skal løyse sine oppgåver.
- Smittevernlegen og smitteverngrupp (pandemi) planlegg informasjonar og tek initiativ til gjennomføring av interne planmøter og øvingar med tanke på ein event føreståande pandemi
- Smittevernlegen og smitteverngruppa planlegg, eventuelt i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar, informasjonsopplegg for innbyggjarane og media med tilpassing av nasjonalt informasjonsmateriell til lokale tilhøve
- Smittevernlegen held kommunalsjef for helse og sosial, Ordførar og Rådmann oppdatert ved behov.
- Rådmannen tek stode til kven andre kommunale avdelingar/verksemder som skal iverksette tiltak og kva som kan vere aktuelle tiltak
- Rådmann (eller Ordførar) besluttar om kriseleiinga skal kallast inn og om det skal iverksetjast øvrige samfunnstiltak
- Institusjonar og seksjonar/kontor innan helse og omsorgstenestene vurderer om det er behov for å auke minimumslageret av fleirgangs og eingongsutstyr, herunder smittevernutstyr og medikament
- Institusjonar og seksjonar vurderer sin personellsituasjon i lys av forventa utfordringar/sjukdomstal.
- Dersom vaksine er tilgjengelig vert iverksett plan for massevaksinering snarast

9.19 Pandemisk periode (fase 6) WHO har erklært pandemi

Fase 6 — Norge ikkje berørt:

- Oppretthalde kriseberedskap og kommandoliner i helse og omsorgstenestene og i kommunen.
- Møter i kommunen si kriseleiing
- Skaffe oversikt over personell/bemanningsplaner og mulegheit for å få inn tilleggspersonell: Personar i deltidsstillingar som kan arbeide fullt mot organisert barnehagertilbod. Pensjonistar som kan gjennoppta tidlegare yrke. Personelkontoret og NAV har ei sentral roller her
- Skaffe oversikt over samla ressursar frå frivillige organisasjonar, FIG-grupper o.a for krisedeltaking. Ein evt ny Frivilligkeitssentral kan ha ei sentral rolle her — elles må ein ha ringeliste til dei enkelte lag.
- Gå gjennom oppdaterte prosedyrar og retningsliner for å fmne smitta personar, diagnose, behandling, i tråd med WHO kasusdefinisjonar
- Sikre muleheita for smitteverntiltak for dei sjuke i samsvar med råd frå WHO
- Detaljplanlegge mottak, diagnostisering, behandling og pleie av pasientar
- Detaljplanlegge eit omfattande og effektivt informasjonsopplegg og ein opplysningstelefon

Dette er eit tiltak ein gjerne kan samarbeide med sjukehuset om då det er viktig at informasjonen og handtering frå helseforetaket og kommunen si side er mest muleg einsarta

- Informasjon — informasjon — informasjon: Kommunikasjon langs alle liner: heimesider, e-post, telefon, trykt materiell, pressemeldinger, aviser, radio og TV m.m. Mykje materiell er tilgjengeleg frå Folkehelseinstituttet o.a. og kan nyttast som det er eller det kan omarbeidast til lokale føremål
- Konkret plan for snarleg fristilling og tilrettelegging av lokaler og andre installasjonar er tenkt bruk i samband med pandemi
- Gjere helsepersonell klar til å ta imot dei første pasientane

9-20 Fase 6 — Norge berørt

- Kriseleiing/kommunstyret drøftar situasjonen med bakgrunn i dei signal ein får frå staten og iverkset alle eller deler av dei tiltaka som er omtala i denne eller andre beredskapsplanar evt. med tilpassingar etter råd frå nasjonale myndigheter

- Tilpasse pasientmottak og arbeidsoppgåver. Nokre oppgåver må kansellerast eller nedprioriterast. Andre oppgåver må prioriterast opp
- Innstille seg på store utfordringar
- Iverksette plan for utdeling av antiviralia i samsvar med nasjonale retningslinjer
- Iverksetje vaksinekampanjer, om det ikkje er gjort før
- Mottak og handtering av dei første pasientane med mistenkt influensapandemi i samsvar med nasjonale retningslinjer og denne pandemiplanen

9.21 Skisse av planar etter mottak av første pasient med mistenkt influensapandemi i Høyanger kommune

- Vi føreset at første pasient vil kontakte vakthavande lege/legevakta i Førde over telefon og forklare sjukehistorie og symptom. Pasienten skal diagnostiserast og behandlast i samsvar med retningslinjer frå Folkehelseinstituttet. Det er viktig å få stadfesta sikker diagnose m.a. med virologiske tester frå nasehals og blod. Dersom pasienten ikkje er alvorleg sjuk, kan dette gjerast ved undersøking i eige lokale t.d knytta til legesenteret, men på ein slik måte at det er ordna med separat inngang og eit eige vente og undersøkelsesavsnitt for influensasjuke. Det må vurderast kva som er beste lokale for dette føremålet:
- enten ved å låse/skilje av dei legevaktlokalene som er på legesenteret frå øvrig legesenter, eller om vi skal ta i bruk alternatieve lokale i nærleiken
- Øvrige pasientar vil enten bli utskrive til eigen heim eller, om naudsynt til ei evt pandemiavdeling ved Høyanger helsecenter. Denne er planlagt etablert i bugruppe 4/5.
- Eit hovudsiktemål må vere at flest mogeleg pasientar oppheld seg og vert behandla i eigen heim. Vi reknar med at mange av desse kun vil stå i telefonisk kontakt med helsetenesta og følgje dei råd og rettleiingar som vert gitt og tek kontakt igjen ved forverring eller negativ utvikling.
- Heimsjukepleien og heimetenevestene vil få sterkt auka og endra arbeidsoppgåvar. Hovudproblem er atgamle og kronisk sjuke vil bli så mykje meir sjuke og hjelpetrengjande. Det vil også kome til nye pasientar som må pleiest i eigen heim — eller evt i ei pandemiavdeling.
- Helsestertenesta må nedprioritere mange av dei noverande oppgåver slik at helsestrenene kan vere ei patrulje ("Feberpatrulje") som reiser rundt i heimane til influensasjuke for å vurdere tilstanden, gje råd og rettleiing og deler ut medisinar og nødvendig utstyr, evt førettek vaksinasjonar.

- Ein stor del av kontakten mellom pasient og kommunehelseteneste må skje på telefon for å informere om og å avdekke faretegn eller for å gi råd om tiltak og behandling.. Det må oppretta ein telefonsentral med mange liner. Denne må betenast av røynde sjukepleiarar som t.d. helsesøstre.

10.0 Tuberkulose – kontrollprogram – Høyanger kommune

10.1 Rutinar for å oppdage tuberkulosesjukdom

Risikogrupper i kommunen:

- Risikogrupper for tuberkulose i Høyanger kommune er definerte og det er laga rutinar for undersøking, samarbeid og tilvising til spesialisthelsetenesta.

Risikogrupper:

- Overføringsflyktningar som kjem direkte til kommunen
- Familiegjenforente som kjem direkte til kommunen
- Arbeidsinnvandralar, inkl. au pair, frå høggendemiske område
- Helse- og undervisningspersonell etter opphold i høggendemisk område
- Pasientar med tidlegare smittehistorikk

Kommunen har rutinar som gjer at personar i risikogrupper vert oppdagat:

- Politiet melder frå om personar som har plikt til tuberkuloseundersøking.
- Det er etablert dialog mellom bedrifter/verksemder som nyttar utanlandsk arbeidskraft og kommunen. Verksemder skal i samarbeid med kommunen opprette eit tuberkulosekontrollprogram dersom det er medisinske grunnar for tuberkuloseundersøking av arbeidstakarane.
- Oversikt over arbeidsplassar og anna som kommunen ser som risikogrupper.
Eksempel: Sesongarbeidarar, bygningsarbeidarar, fisketilverkingsbedrifter, rederi, flyktningar/asylsøkjrarar, rusmisbrukarmiljø og andre.

10.2. Personar som vert tilsett i stillingar i helse- og omsorgssektoren, i skular og anna arbeid knytt til barneomsorg

Arbeidstakarar som har opphalde seg i land med høg førekomst av tuberkulose i minst tre månader og som skal starte eller skal tilbake i stilling i helse- og omsorgstenesta, i lærarstilling eller i andre stillingar knytt til barneomsorg, eks.au pair, har plikt til

tuberkuloseundersøking før oppstart i stilling. Plikta gjeld òg for personar under opplæring og hospitering. Arbeidstakarar skal undersøkjast for aktiv tuberkulose og kan ved negativt røntgenbilete ta til i arbeidet. Dei med positivt røntgenbilete vert henviste til spesialisthelsetenesta og skal ikkje starte i arbeid før det er gjort ei vurdering. Arbeidsgjevar har plikt til å sjå til at resultat av undersøkinga føreligg med negativt resultat før oppstart i jobb. Arbeidstakaren skal òg undersøkjast med Mantoux/IGRA for latent tuberkulose, svar på denne undersøkinga treng ikkje føreligge før oppstart.

I kommunen sitt personal og arbeidsreglement er det under "Prosedyrar ved tilsetting" lagt inn sjekkliste og referanse til registreringsskjema for tuberkulose og MRSA. Den ansvarlege på arbeidsplassen skal ved tilfelle som krev tuberkuloseundersøking be om at personen tek kontakt med helsetenesta for å få gjennomført undersøking før oppstart i jobben.

Vedlegg 1 – Registreringsskjema for Tuberkulose og MRSA

Arbeidsgjevar/vertsfamilie for au pair er ansvarleg for at lungerøntgen er utført før oppstart i arbeid.

Vedlegg 2 – Informasjonsfaldar for vertsfamilie til au pair

Arbeidsplassar dette gjeld:

Arbeidsplass	Ansvarleg kontaktperson
Alle skular	Rektor
Alle barnehagar	Styrar
Helse og omsorg	Helse og omsorgssjef
Oppvekst	Oppvekstsjef
NAV	Tenesteleiar
Personalavdelinga	Personalsjef

10.3. Flyktningar og asylsøkjarar

Flyktningar og asylsøkjarar skal undersøkjast for tuberkulose innan 14 dagar etter innreise. Slike undersøkingar skjer oftast på transittmottak før personane vert overført til kommunen.

Informasjon og resultat av tuberkuloseundersøkinga, samt journal, skal følgje personen slik at kommunen kan sikre seg at tuberkuloseundersøkinga er utført. Personar med latent tuberkulose må føljast opp i den enkelte kommune.

Flyktningar som kjem direkte til kommunen, dvs. overføringsflyktning - også kalla kvoteflyktning eller FN-flyktning, skal ha denne første undersøkinga i busettingskommunen innan gjeldande fristar. Alle som kjem til kommunen skal bli meldt frå Flyktningkonsulenten i Høyanger kommune til helsetenesta.

10.4. Familieinnvandrarar frå land med høg førekomst av tuberkulose

Alle som kjem til Høyanger kommune som lekk i familieinnvandring skal bli meldt frå politiet til helsetenesta.

Flora politistasjon Pb.85, 6901 Florø	Tlf.57 75 88 33
--	-----------------

Dette gjeld utlendingar med norsk sambuar/ ektefelle og deira barn. Ein del av desse tek sjølv direkte kontakt med helsetenesta før meldinga kjem frå politiet for å bli undersøkte. Dei som er i målgruppa,

Liste over land med høg førekomst av tuberkulose får avtale om tuberkulosekontroll.

10.5. Arbeidsinnvandrarar og studentar frå land med høg førekomst av tuberkulose

Personar frå land med høg førekomst av tuberkulose, Liste over land med høg førekomst av tuberkulose som skal opphalde seg i landet i meir enn tre månader med krav om opphaldsløyve, registreringsbevis eller oppholdskort, har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking innan kort tid etter dei har kome til landet. Diplomatar og personar frå skandinaviske land er fritekne for tuberkulosekontroll.

Når politiet registrerer utlending med opphaldsløyve skal dei opplyse søkeren om plikta den enkelte har til å la seg undersøkje for tuberkulose.

Informasjon om tuberkulose på fleire språk

Politiets skal òg informere helsetenesta om søkeren sitt namn, fødselsdato, adresse med meir. Helsetenesta tek kontakt med søkeren for å avtale undersøking.

Føremålet med undersøkinga av arbeidsinnvandrarar er å identifisere eventuell smittsam sjukdom. Arbeidsinnvandrarar skal difor undersøkt for aktiv tuberkulose, og skal difor berre ta røntgen av lungene.

Familie av arbeidsinnvandrarar skal vurderast som familieinnvandrarar.

Liste over verksemder som tilset utanlandske arbeidstakarar;

[Sjå vedlegg 3.](#)

Den ansvarlege på arbeidsplassen skal ved tilfelle som krev tuberkuloseundersøking informere om denne plikta til undersøking og be arbeidstakaren fylle ut og levere eigenutvurderingsskjema. Den ansvarlege på arbeidsplassen formidlar utfylte svarskjema til helsetenesta.

[Vedlegg 4 - Eigenutvurderingsskjema frå utanlandsk person vedrørande tuberkulose](#) (på norsk og engelsk)

[Vedlegg 5 - Informasjonsfaldar til arbeidsgjevarar som tilset utanlandske arbeidstakarar](#)

10.6. Angåande Adoptivborn

Adoptivbarn vert ikkje meldt via politiet.

Tilsette i helsestasjon, fastleggar og andre som arbeider med barn i barnehage, skule og i Tenesta barn og unge må ha særskild merksemeld på at desse kjem i gang med helsekontrollar på helsestasjonen. Her vert og trong for tuberkuloseundersøking vurdert.

10.7 Andre personer som det er medisinsk mistanke om er eller har vore i risiko for å bli smitta med tuberkulose.

Behandlingssystemet må generelt ha merksemd på å vurdere tuberkulose som eventuell diagnose: Eldre personar som har vore smitta i yngre alder og der sjukdomen blir aktiv igjen pga annan sjukdom eller svekka allmenntilstand. Det gjeld og rusmisbrukarar, immunsupprimerte og andre med svekka immunforsvar.

Gjennomføring av tuberkuloseundersøking og henvising

Politiet sender skriftleg melding til helsetenesta om innvandrarar som skal ha tuberkuloseundersøking. Meldinga skal adresserast til Høyanger helsestasjon, Postboks 159, 6991 Høyanger.

Arbeidsgjevarar og andre med spørsmål om tuberkuloseundersøking vender seg til Høyanger helsestasjonen eller til Høyanger legekontor med same adresse.

Helsesøster med ansvar for tuberkuloseundersøking:

- held oversikt over og har dialog med bedrifter/ verksemder med utanlandske arbeidstakrarar som skal ha tuberkulosekontroll.
- går gjennom tilsende meldingar for asylsøkarar frå mottak, politiet m.m. og kartlegg kva som er gjennomført av tuberkuloseundersøking før personen kom til Høyanger kommune.
- Journalfører opplysningars frå tuberkulosekontroll i helsestasjonen sitt journalsystem.
- Journalfører opplysningars frå eigenmeldingar som utanlandske arbeidstakrarar har levert via sin arbeidsgjevar og følgjer opp desse.
- Kallar inn dei som skal ha undersøking som sjølve ikkje har teke kontakt innan dei fristar som lov og forskrift set.
- Set og avles tuberkulintest Mantoux for dei dette gjeld.
- Tilbyr BCG-vaksine mot tuberkulose for dei som skal ha tilbod om slik vaksinering.
- Sender opplysningars frå tuberkulosekontroll til kommunalelegen.
- Journalføre saker som vert avslutta utan vidare oppfølging.
- Sender journalopplysningars frå tuberkulosekontroll til helsetenesta i andre kommunar eller asylmottak der detter vert etterspurt.

Kommuneoverlege eller lege det vert delegert til:

- Bestiller røntgenundersøking
- Bestiller IGRA-test
- Vurderer svar på røntgenundersøkinga.
- Vurderer svar IGRA-test og eventuell oppfølging.
- Henviser til spesialist dei som etter retningslinjer skal henvisast vidare.

Tilvisingsskjema TB

Vedlegg 6 – Tuberkulosetilvising til spesialisthelsetenesta

For tuberkuloseundersøking og tilvising til spesialist etter tuberkuloseundersøking i kommunen gjeld litt ulike rutinar for ulike grupper menneske. Nasjonalt folkehelseinstitutt har utarbeidd flytskjema for hjelp til å ha oversikt over dette:

- flytskjema.

Vedlegg 7 - Samarbeid smittevernlege og helsesøster med ansvar for tuberkulosearbeid

10.8 Meldeplikt

10.8.1 Melding ved tuberkulosesjukdom

Behandlande spesialist som oppdagar/diagnostiserer tuberkulose hos ein pasient skal snarast gi melding, jamfør MSIS- og Tuberkuloseregisterforskrift, om dette på MSIS-melding tuberkulose til Folkehelseinstituttet, med kopiar til tuberkulosekoordinator i helseføretaket, til kommuneoverlegen der pasienten bur, eventuelt til bydelsoverlegen der pasienten bur og ein kopi skal lagrast i pasienten sin journal.

Behandlande lege skal vidare gi meldingar om oppfølginga av pasienten på skjema som vert tilsendt frå folkehelseinstituttet. Tuberkulosekoordinatoren skal ha kopi av alle desse meldingane.

10.8.2. Melding ved smitteoppsporing

Kommunelegen har ansvar for at smitteoppsporing blir gjennomført og at alle resultat etter gjennomført smitteoppsporing rundt tuberkulosepasienten også frå andre kommunar, helseføretak, asylmottak og liknande blir samla. Smitteoppsporing og behandlingsresultat skal rapporterast på skjema Rapport om resultat av smitteoppsporing,

MSIS-melding om tuberkulose og MSIS-melding behandlingsresultat av tuberkulose

10.9 Smitteoppsporing / Miljøundersøking

10.9.1. Kvifor smitteoppsporing?

Føremålet med smitteoppsporing/miljøundersøking er å:

1. Avdekke om andre personar er blitt smitta eller sjuke
 - Tidleg diagnostikk av sjuke
 - Riktig behandling
 - Redusere smittespreiing raskt
 - Avgrense talet på smitta
2. Avdekke eventuelle smittekjelder. Spesielt viktig når det gjeld smitta barn – kven har smitta barnet?

10.9.2. Kven skal undersøkjast?

Signalet om at smitteoppsporing/miljøundersøking skal vurderast er at kommunelegen blir informert om at ein tuberkulosepasient er diagnostisert enten gjennom kopi av nominativ melding om smittsam sjukdom eller at behandlande lege/tuberkulosekoordinator tar kontakt og informerer om situasjonen. Kommunelegen må då vurdere om det er behov for miljøundersøking eller ikkje, eventuelt ved å innhente tilleggsopplysningar frå behandlande spesialist for å avklare om pasienten bør reknast som smitteførande.

Både lege, indekspasient (dvs. den tuberkulosesjuke) og smittekontaktar har plikt til å bidra til smitteoppsporing, **Smittevernlova §3-6 og §5-1**. Dersom ein mulig smitta person motset seg miljøundersøking, regulerar smittevernlova under strenge vilkår mulighet til å gjennomføre tvungen legeundersøking,

Dersom det er behov for smitteoppsporing skal kommunelegen organisere denne.

For å unngå unødig angst, smittefrykt og stigmatisering av den sjuke er det viktig med god informasjon til den som skal undersøkast og å unngå for mykje merksemrundt det.

Indekspasient har krav på at teieplikta vert overhelde, og at identiteten ikkje vert avslørt.


10.9.3 Praktisk gjennomføring

Det vil vere skjeldan at den enkelte kommune treng gjennomføre miljøundersøking.


Kapittel 07 i tuberkulosevegeliaren har ein nøyaktig gjennomgang av alle relevante problemstillingar som må vurderast. Det er nødvendig at kommuneoverlege/kommunelege og helsesøster som skal gjennomføre undersøkinga går gjennom dette kapittelet i detalj ved planlegging og gjennomføring av arbeidet.

Vurdering av antatt smittsomhet, direkte mikroskopi positiv eller berre dyrkningspositiv og grad og varighet av smitteeksponering er viktige tidlege vurderingsparameter.

Tabellane under gir hovudvurderingane, men det er naudsynt i den aktuelle situasjonen å lese gjennom heile kapittelet.



Grad av smittsomhet avgjør omfang av smitteoppsporing:



Inndeling og prioritering av kontakter og adekvat tidspunkt for undersøkelse:

HØY PRIORITET			
Beskrivelse av kontakten: de nærmeste og sårbare	Hjem prioritertes?	Tidspunkt for undersøkelse	
		1-2 uker etter diagnose	8-10 uker etter siste smitteeksponering
De som bor i samme bolig og/eller som "deles luft" på daglig basis	Sårbarer nærekontakter (små barn, HIV positive, transplanterte)* Kontakter med symptomer	IGRA og lungørøntgen*	TST/GRA og lungørøntgen*
Helsepersonell som har utført bronkoskopi/kortvarig håndtering av luftveier uten adekvat beskyttelsesutstyr Venner/familie/kollegaer med samlet eksponeringstid over 8t/40t Andre nære kontakter med langvarig kontakt, for eksempel daglige venner eller kontakter på jobb/skole Sårbare kontakter, også med eksponeringstid < 8t/40t	Andre nærekontakter* Sårbare hverdagskontakter	Evt kun samtale**	Evt kun samtale**

MIDDEL PRIORITET			
Beskrivelse av kontakten: de nærmeste og sårbare	Hjem prioritertes?	Tidspunkt for undersøkelse	
		1-2 uker etter diagnose	8-10 uker etter siste smitteeksponering
Hvis få høyprioriterte kontakter, vurder å inkludere flere middels prioriterte	Sårbare mer perifere kontakter*	Ingen tiltak, men ved påvist smitte blant høyprioriterte, gå straks videre**	TST/GRA *
Personer som har tilbrakt <8t/40t med indekspasienten (jevnlig besøkende, omgangsvänner, slekt, klassekamerater, kollegaer) Sårbare kontakter med tildeldige og kortvarig kontakt (samme skole/arbeidsplass), men som har større risiko for utvikle sykdom etter smitte (små barn, HIV pos)	Andre middels prioriterte kontakter*	Ingen tiltak	Ingen tiltak, men ved påvist smitte blant høy/middels prioriterte, gå straks videre

LAV PRIORITET			
Beskrivelse av kontaktene	Hvem prioriteres?	Tidspunkt for undersøkelse	
		1-2 dager etter diagnose	8-10 uker etter siste smitteeksponering
Perifere kontakter	Alle lav prioriterte kontakter*	Ingen tiltak	Ingen tiltak, men ved påvist smitte blant middels prioriterte, utvid undersøkelsene og inkluder denne gruppen**

10.11 Vaksinering

Allmenn frivillig BCG-vaksinasjon for ungdom gjekk ut av barnevaksinasjonsprogrammet frå skuleåret 2009-2010. Samtidig gjekk allmenn tuberkulintesting i tilknytning til BCG-vaksinasjon også ut. Dette vart erstatta med målretta vaksinasjon av særleg smitteutsette personar. Etter denne omlegginga er det enno viktigare enn før å identifisere risikogrupper og ha eit godt fungerande vaksinasjonsprogram for desse målgruppene.

BCG held fram som programvaksine for barn med auka risiko for å bli smitta av tuberkulose. Denne anbefalinga gjeld for barn og unge som kjem frå, eller har foreldre frå, land med høg førekommst av tuberkulose, [Liste over land med høg førekommst av tuberkulose](#). Desse skal helst vaksinerast som nyfødde, fortrinnsvis på barselavdeling. Helsestasjonen vaksinerer nyfødtbarn med BCG-vaksine dersom vaksina ikkje er gitt på barselavdeling.

Desse skal ha tilbod om BCG-vaksinasjon:

- Barn og yngre voksne som har ein eller begge foreldre frå land med høy forekomst av tuberkulose.
- Personar som skal opphalde seg i land med høy førekommst av tuberkulose i meir enn 3 månadar og skal ha tett kontakt med lokalbefolkinga.
- Personar med risiko for smitte i yrkessammenheng.
- Andre risikogrupper.

Adoptivbarn frå land med høy førekommst av tuberkulose har ikkje auka risiko for å få tuberkulose med mindre dei er smitta før ankomst til Noreg. Det er ikkje indikasjon for BCG

vaksine dersom adoptivbarnet skal bu i ei familie som er norskfødt eller kjem fra anna land med lav førekommst av tuberkulose.

BCG-vaksine kan og gjevast til reisande som del av reisevaksinasjonsprogram. Det er i denne tilfelle ei vaksine som den reisande sjølv betaler kostnaden for.

10.12 Informasjon til enkeltpersonar som vert behandla utanfor sjukehus med tuberkulosemedikament, DOT behandling.

Personar som skal ha behandling for aktiv tuberkulose, eller førebyggande behandling skal ha ein behandlingsplan. Denne skal utarbeidast av tuberkulosekoordinator i samarbeid med pasienten, behandlande spesialist, og kommunelegen. Ofte er det heimetenestene i kommunen som utfører DOT behandlinga. Desse vert bedne om å ta kontakt med kommunelege eller tuberkulosekoordinator om det skulle vere problem med gjennomføringa av DOT, eventuelt andre spørsmål rundt pasienten som vert behandla for tuberkulose. Informasjon til pasienten finnast på fleire ulike språk.

Informasjon til pasient om behandling av tuberkulosesjukdom: [Du blir frisk av tuberkulose](#)

Det er kommunelegen i pasientens bustadkommune som har ansvaret for DOT i sin kommune.

10.13 Opplæring av personell

Helsesøster og kommuneoverlege har naudsynt kompetanse på tuberkulosearbeid. Kommunen har dataprogram på helsestasjonen som stettar krav til registrering.

Kommunen har kompetanse på setting / avlesing av Mantoux-test og BCGvaksinering.

Alle legar ved Høyanger legekontor og helsesøstre ved helsestasjonen skal ha kjennskap til kommunen sitt tuberkulosekontrollprogram.

Tenesteleiatarar i kommunen har fått, men treng oppfrisking på prosedyrer/sjekklister ved tilsetjing i stillingar i helse/omsorg/barn/skular/barnehagar.

Arbeidsgjevarar i kommunen ved personalansvarleg treng løpende oppdatering.

10.14 Oversending av opplysningar ved flytting til ny kommune

Dersom personar nemnde i [**Forskrift om tuberkulosekontroll §3-1,1**](#) flyttar, skal føljande opplysningar sendast til communelegen i den nye budstadskommunen:

- Resultat av tuberkuloseundersøkinga og journal, dersom det føreligg funn som gir grunn til vidare oppfølging.
- Opplysningar om at tuberkuloseundersøkinga eventuelt ikkje har blitt gjennomført.
- For nyankomne asylsökjarar som flyttar frå transittmottak: resultat av ankomstundersøkinga og journal.

10.15 Ansvarsfordeling

[**Forskrift om tuberkulosekontroll §4-1, 4-2, 4-4**](#) beskriv ansvarsfordelinga mellom kommune, communelege og tuberkulosekoordinator. For communelege med smittevernansvar må definerte oppgåver for tuberkulose sjåast i samanheng med dei oppgåvene han/ho har innan smittevern [**Smittevernlova § 7-2**](#)

Kommunen sine oppgåver

Kommunen har ansvar for etablering, tilrettelegging og gjennomføring av tuberkulosekontroll-programmet sitt. Kommunen skal syte for at tuberkuloseprogrammet vert laga, sett i verk og at det vert vedlikehalde som ein del av kommunen sitt internkontrollsysten.

Kommunelege

Kommunelegen har ansvar for å

- utarbeide forslag til tuberkulosekontrollprogram
- oversende opplysningar nemnt i [**Forskrift om tuberkulosekontroll §2-3, bokstav h**](#) til communelegen i ny bustadkommune når personar nemnt i § 3-1 bokstav a) flyttar
- halde tuberkulosekoordinatoren oppdatert om førekomsten av tuberkulose i kommunen
- tuberkulosekontroll av personar som det er medisinsk mistanke om er smitta av tuberkulose. Ved mistanke om aktiv lungetuberkulose skal pasienten snarast tilvisast spesialisthelsetenesta.
- smitteoppsporing når det er oppdaga ein nysmitta person eller eit tilfelle av tuberkuløs sjukdom som kan vere smittsamt.

- Kommunelegen kan deleger bestemte oppgåver til anna helsepersonell når det er fagleg forsvarleg. Oppgåver det kan vere aktuelt å deleger er mellom anna tuberkulointesting, vaksinasjon og observasjon av inntak av tuberkulosemedikament.
- Kommunelegen kan deleger gjennomføring av tuberkulosekontrollprogrammet.

Helsesøster

Helsesøster har ansvar for

- gjennomføring av tuberkulosekontrollprogrammet
- å bidra til at kontakta med politiet fungerer slik at meldingar om opphaldsløyve vert motteke til rett tid.
- halde kontakt med arbeidsgjevarar slik at aktuelle personar gjennomfører tuberkulosekontroll
- opplæring og informasjon til aktuelle samarbeidspartar i det kommunale tuberkulosekontrollprogrammet

Tuberkulosekoordinator skal

- bidra til at tuberkulosekontrollen fungerer i alle ledd, under dette at meldingar vert sende som pålagt
- etablere behandlingsplan for pasienten i samarbeid med behandlende spesialist, pasienten og kommunelegen
- koordinere individuell oppfølging og behandling i samarbeid med behandlende spesialist og kommunehelsetenesta
- overvake førekomensten av tuberkulose i helseregionen
- delta i opplæring av personell

10.16 Referansar

[Lov om vern mot smittsomme sykdommer "Smittevernlova"](#)

[Forskrift om tuberkulosekontroll](#)

[Forskrift om innsamling og behandling i Meldingssystem for smittsomme sykdommer og i Tuberkuloseregisteret og om varsling av smittsomme sykdommer "MSIS- og Tuberkuloseregisterforskriften"](#)

[Lov om barnehager, §23, "Barnehageloven"](#)

[Folkehelseinstituttet sine nettsider](#)

[Folkehelseinstituttet Tuberkuloseveileder](#)

[Forebyggjande behandling av latent tuberkulose i Noreg 2001-2012](#)



Askvoll □ Bremanger
Fjaler □ Flora □ Førde □ Gauldalen
Høyanger □ Jølster □ Naustdal □ Solund

FOR DEG SOM SKAL TILSETTE AU PAIR



MEDISINSKE OMSYN DU MÅ KJENNE TIL:

- **Tuberkulosekontroll er lovpålagt i Noreg**
- **Vertsfamilien har ansvar for at tuberkulosekontrollen blir gjennomført**
- **Flora kommune v. Folkehelseavdelinga utfører tuberkulosekontroll etter timebestilling**

- Alle som har opphalde seg meir enn tre månader i land med høg førekost av tuberkulose i løpet av dei tre siste åra og skal arbeide med barn, skal undersøkast for tuberkulose.
- Tuberkulosekontrollen skal gjennomførast så raskt som mulig, dvs. innanfor 14 dagar.
Arbeidsgjevar/ vertsfamilien har plikt til å sjå til at kontrollen blir gjennomført.
- Tuberkulosekontrollen må gjennomførast i Noreg.

Tuberkulosekontroll betyr:

- Hudtest, dvs. Mantoux tuberkulintest.
- Lungørøntgen.
- Blodprøve hos enkelte, avhengig av resultatet på hudtesten.

Tuberkulosetesten er gratis og blir utført:

Helsestasjonen i Høyanger

Storgata 8

6993 Høyanger

Timebestilling på tlf. 57 71 16 18 (16) eller 992 19 342 (314)

- Tuberkulosekontroll og avlesing etter 72 timer skjer på timebestilling.
- Gje melding på førehand om behov for tolk.

Nyttig å vite om tuberkulose:

- Tuberkulose er ein sjukdom som skuldast ein bakterie.. Sjukdomen kan behandlast med antibiotika.
- Tuberkulose kan gje sjukdom i mange organ, men det er kun dei som har tuberkulose i lungene som kan smitte andre.
- Barn er meir mottakelege for smitte og blir raskare og meir alvorleg sjuke enn vaksne.

- **Tuberkulosebakterien kan ligge i dvale hos enkelte (latent tuberkulose). Personen er då ikke smitteførande, men kan seinare utvikle aktiv sjukdom.**
- **Tuberkulose er ikkje lengre ein vanlig sjukdom i Noreg, men mange land i verda har fortsatt høg førekommst av tuberkulose, bl.a. i Søraust Asia og i Afrika. Ein anslår at ca. 1/3del av alle er smitta med tuberkulose.**

Her finn ein meir informasjon:

- Liste over land med høg førekommst av tuberkulose
- Folkehelseinstituttet: Smittevernhandboka om tuberkulose

Liste over verksemder som tilset utanlandske arbeidstakarar:

Verksemd	Kontaktperson	Adresse	Telefon
Eros Laks		5962 Bjordal	
Osland havbruk og Osland Settefisk	Margret Bjørnsen Søreide	5962 Bjordal	95551706
Østerbø Maskin		5962 Bjordal	
Bjordal maskin AS		5962 Bjordal	
Byggmester Ingar Førde AS		5962 Bjordal	
Lavik Auto Senter AS		6947 Lavik	
Bjørkhaug Maskin AS		6947 Lavik	
Fjordesign AS		6947 Lavik	
Nygård Transport AS		6947 Lavik	
Bunnpris		6947 Lavik	
T. Frivik Taubanedrift AS		6995 Kyrkjebø	
Snikkar Are S. Øvreås AS		Furevegen , 6995 Kyrkjebø	
Byggmester Jan Lambrechts AS		Hellevegen , 6995 Kyrkjebø	
Ljotebø Transport AS		6996 Vadheim	
Ytre Sogn Gravferdsbyrå AS	Frank Ytredal	6996 Vadheim	
Frank Ytredal AS		6996 Vadheim	
L.A. Fureli Maskin AS		6996 Vadheim	

Polarlys AS		6996 Vadheim	
Per A. Øren AS		6993 Høyanger	
Hydro Høyanger		6993 Høyanger	
Høyanger kommune	Personalkontoret	Postboks 159, 6991 Høyanger	57711500
Eras Metall AS		6993 Høyanger	
Safeclean AS		6993 Høyanger	
AS Høyanger Trelastkompani		6993 Høyanger	
Høyanger Bustadstifting		6993 Høyanger	
Høyanger Apotek AS		6993 Høyanger	
Høyanger Bil AS		6993 Høyanger	
Øren Hotell AS		6993 Høyanger	
Saint Jean Wheels AS	Ståle Thorbjørnsen	Postboks 34, 6991 Høyanger	99206432
Høyanger Rørleggerforretning AS		6993 Høyanger	

**EIGENVURDERING FRÅ UTANLANDSK PERSON VEDRØRANDE
TUBERKULOSE**

Familienamn: _____ fornamn: _____

F.dato: _____ kvinne mann

Heimland: _____ språk: _____

Dato du kom du til Noreg? _____

Familie frå heimlandet ditt som også bur her:

ektefelle/sambuar barn anna familie

Di adresse i Noreg: _____

Ditt tlf. nummer: _____

Din arbeidsgjevar i Noreg: _____

Kontaktperson i bedrifa du er tilsett hos: _____

Har du symptom på lungesjukdom? ja nei

Ser du spesielle grunnar til at du skal undersøkast for
tuberkulosesjukdom ja nei

Hvis du svarer nei, så avsluttar du utfyllinga her.

Dersom du svarer ja, så fortsetter du å svare på side 2.

Stad

Dato

Namn



Askvoll □ Bremanger
Fjaler □ Flora □ Førde □ Gauldal
Høyanger □ Jølster □ Naustdal □ Solund

UTFYLLANDE EIGENVURDERING:

Har du hatt kontakt med lege angåande lungesjukdom? ja nei

Har du tidlegare hatt symptom på alvorleg lungesjukdom? ja nei

Har du vore i kontakt med tuberkulosesjuk person? ja nei

Er du BCGvaksinert mot tuberkulosesjukdom? ja nei

Har du synlig BCGarr på arm etter tuberkulosevaksine? ja nei

Har du vore kontrollert for tuberkulose i heimlandet? ja nei

Resultat av undersøkelse for tuberkulose i heimlandet? normalt fått oppfølging

Har du vore kontrollert for tuberkulose tidlegare i Noreg? ja nei

Eventuelt kvar budde du då? _____

Resultat av undersøkelsen for tuberkulose i Noreg? normalt hatt oppfølging

OM TUBERKULOSESJUKDOM

Kva er tuberkulose?

Tuberkulose er ein sjukdom som er forårsaka av bakterie. Bakteriar er små, usynlege organismer som finst overalt, også i den menneskelege organisme. Dei fleste bakterier er ufarlege, - og endå til nytte. Enkelte bakterier kan forårsake skade og kan gje sjukdom som vi kallar infeksjon. Bakterien som kan forårsake tuberkulose er ein slik bakterie. Dersom bakterien slår seg ned i ein del av kroppen og formeirar seg der utan at kroppen klarer å beskytte seg sjølv mot bakterien, kan ein få tuberkulosesjukdom. Det er mest vanleg å utvikle tuberkulose i lungene, men ein kan også utvikle tuberkulose i andre kroppsdelar, eks. i skjelettet, i lymfeknutar eller i hjernen.

Tuberkulose er ein sjukdom som kan behandlast og som ein kan bli frisk frå.

Medisin mot tuberkulose er gratis for alle personar som bur i Noreg.

Berre eit fåtal av dei som vert smitta blir sjuke.

Det blir anslått at ca 1/3del av verdas befolkning er smitta med tuberkulose, men berre eit fåtal av desse utviklar sjukdom. Dette har med den enkelte person si motstandskraft å gjøre. Det kan ta årevis frå ein blir smitta til sjukdommen bryt ut.

Dersom ein er smitta, men ikkje sjuk, kan lege anbefale at du bruker medisiner i ein periode. Dette for å forhindre at du blir sjuk seinare. Slik behandling blir kalla førebyggande behandling. Personar som får førebyggande behandling er ikkje sjuke og kan heller ikkje smitte andre.

Korleis blir ein smitta av tuberkulose?

Tuberkulose smitter ved at ørsmå partikler med bakterier frå nase/munn frå ein tuberkulosesjuk person kjem ut i lufta når han hostar, nyser eller snakkar. Når andre personar pustar i denne lufta kan dei små partiklane komme inn i luftvegar hos ein frisk person og ned i lunger. Tuberkulosebakterien smittar mest mellom personar som har tett kontakt.

Symptom på tuberkulose

- Langvarig hoste, ofte med oppspytte som kan vere blodtilblanda
- Nedsett appetitt og vekttap

- Dårlig almenntilstand
- Feber og nattesveitte
- Hovne lymfeknutar på hals, i armhole eller i lysken

Ein person med tuberkulose treng ikkje ha alle symptomata. Enkelte har kun milde symptom. Dette kan også vere symptom på andre typar sjukdom, så for å vere sikker må ein ta forskjellige prøver. Det mest vanlege er røntgenbilde, tuberkulintest og blodprøve.

11. Referansar

FOR 2003- 04- 25 nr 486 *Forskrift om miljørettet helsevern.*

FOR 2003- 04- 03 nr 450 *Forskrift om kommunens helsefremmende ogforebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Denne forskriften gir bestemmelser om kommunens plikt til å tilby vaksinasjon i henhold til barnevaksinasjonsprogrammet og meldingsplikt til SYSVAK.*

FOR 2001- 12- 04 nr 1372 *Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften).*

FOR 2001- 07- 23 nr 881 *Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeidmv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap*

FOR 2001- 06- 22 nr 700 *Forskrift om overgangsbestemmelser til lov av 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap*

FOR- 2000.04.14 nr 0328 *Forskrift om fastlegeordning i kommunene*

FOR- 2002- 06- 20 nr 825 *Forskrift om endring i forskrift om vern av arbeidstakerne mot farer ved arbeid med biologiske faktorer.*

FOR 1996- 06- 13 nr 592 *Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v.*

FOR 1995- 12- 01 nr 928 *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*

FOR 1983- 11- 23 nr 1779 *Forskrift om lovbestemt sykepleietjeneste i kommunens*

helsetjeneste. Denne forskriften gir bl.a. bestemmelser om helsesøstertjenesten i kommunene

Relaterte sider

- Reg elverk for smittevernet
- Relaterte tenker
- Lovdata
- Regelhjelp
- Smittevernloven - veileder Statens helsetilsy n 1995
- Smittevernloven
- Smittevern boka
- Temakapitler
- Sykdommer a-å